

**Fra:** Per Lerøy  
**Sendt:** onsdag 19. juli 2023 14:05  
**Til:** Marius Åmbakk Bjørkedal; Post Austrheim  
**Kopi:** Bjørnar Fjellhaug; Asbjørn Nagell Toft  
**Emne:** SV: Svar på innsynskrav

Hei.

Sidan sist har eg undersøkt saka litt nærare. Det har aldri vore snakk om noko deponi i Leirvågen. Det vart i si tid søkt om å få bakkeplanera om lag 40 dekar på nordsida av næringsområdet som er under etablering. Til bakkeplaneringa skulle ein mellom anna bruka godkjente fyllmassar frå TWMA Norge AS. Dei massane frå selskapet som ikkje kunne brukast til bakkeplanering, skulle selskapet levera til godkjente deponi i Rådalen og hjå NGIR i Kjevikdalen. Både grunneigar og entreprenør stadfestar at det er bakkeplanering det er søkt om i Leirvågen og både grunneigar og me i kommunen ser fram til at jordmassar som over tid blir fjerna frå næringsareala på Mongstad, skal bli til nytt, flott landbruksareal i Austrheim kommune. I motsetnad til kva som skjer andre stader i landet, jobbar me i Austrheim kommune aktivt med å auka det produktive landbruksarealet vårt.

Med vennleg helsing  
Per Lerøy  
Ordførar

.....

Austrheim kommune  
Telefon: 94506747  
[www.austrheim.kommune.no](http://www.austrheim.kommune.no)



*Eg gjer merksam på at dette ikkje er ei privat e-postadresse.  
All e-post vert vurdert for eventuell journalføring i kommunen sitt sak- og arkivsystem*

---

**Fra:** Marius Åmbakk Bjørkedal <[marius.ambakk.bjorkedal@schibsted.com](mailto:marius.ambakk.bjorkedal@schibsted.com)>  
**Sendt:** tirsdag 18. juli 2023 16:46  
**Til:** Post Austrheim <[post@austrheim.kommune.no](mailto:post@austrheim.kommune.no)>  
**Kopi:** Per Lerøy <[Per.Leroy@austrheim.kommune.no](mailto:Per.Leroy@austrheim.kommune.no)>; Bjørnar Fjellhaug <[bjornar.fjellhaug@austrheim.kommune.no](mailto:bjornar.fjellhaug@austrheim.kommune.no)>; Asbjørn Nagell Toft <[asbjorn.n.toft@austrheim.kommune.no](mailto:asbjorn.n.toft@austrheim.kommune.no)>  
**Emne:** Svar på innsynskrav

Hei!

5. og 6. juli fekk eg svar på eit innsynskrav eg sende 5. juli. Svaret eg fekk gav utfyllande svar på noko av det eg lurte på.

Likevel fekk eg ikkje svar på det eg bad om etter offentleglova. Då bad eg om følgjande: "innsyn i all kommunikasjon mellom kommunen (då helst Per Lerøy og Asbjørn Nagell Toft) og Odd Haugen (som eig Odd Haugen Maskinstasjon) som gjeld deponiet i Leirvågskrysset, nær Mongstad, der jordblanda borekaks blir køyrt ut.". Dette gjeld f.eks epostar og tekstmeldingar, men også alle dokument som handlar om temaet.

Er dei to svara eg har fått å sjå på som avslag på innsynet, eller at det ikkje fins nokon slike dokumenter som eg har etterspurt?

Minner om at: "Offentleglova inneholder bestemmelser om retten til å få se (innsyn) i dokumenter i offentlig forvaltning. " Lova tek også opp retten til unntak frå innsyn, men då må dette begrunnast med ein heimel i lova etter §31.

Håper å få svar på dette snarast mogleg, og seinast i morgon ettermiddag.

Vedlagt er innsynskravet, samt svara frå ordførar Per Lerøy.